



Vestlandsforskning
Boks 163, 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 61 50
Internett: www.vestforsk.no

VF-notat 16/2005

Universell utforming

Ei undersøking av tilgjengeleghet for statlege nettsider

Thor André Fløtre

og

Svein Ølnes

VF Notat

Tittel Universell utforming - ei undersøking av tilgjengeleighet for statlege nettsider	Notatnummer 16/2005
	Dato 04.01.2006
	Gradering Open
Prosjekttittel BIT Reiseliv Sogn - IKT-innovasjon Reiseliv Sogn	Tal sider 25 + 7
	Prosjektnr 6023
Forskar(ar) Thor André Fløtre og Svein Ølnes	Prosjektansvarleg Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgivar Norge.no	Emneord Universell utforming Tilgjengeleighet WAI WCAG
Samandrag Vestlandsforskning har fått i oppdrag å undersøkja tilgjengeleighet for statlege nettsider, ut frå tilrådingane frå W3C (WAI/WCAG). Undersøkinga byggjer på evalueringane i Kvalitet 2005 der tilgjengeleighet var eitt av tre hovudområde.	
Resultata frå Kvalitet 2005 er analyserte og supplerte med intervju av ni statlege etatar. Resultata av undersøkinga viser følgjande barrierar for auka tilgjengeleighet:	
<ul style="list-style-type: none">• manglar i systema grunna alder eller storleik• manglande kompetanse om feltet• leverandørane i for liten grad tek omsyn til tilgjengeleighet når dei utviklar løysingar	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISSN: 0804-8835	Pris:

Forord

I forlenginga av Kvalitet 2005, der kvaliteten på offentlege vevtenester vart evaluert, har Vestlandsforsking fått i oppdrag å gå grundigare inn på status innan tilgjengeleghet for statlege vevtenester.

Forskar Thor André Fløtre har utført mesteparten av arbeidet, medan forskar Svein Ølnes har vore prosjektleiar og kvalitetssikrar. Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte har hatt det overordna faglege ansvaret for prosjektet.

Sogndal, januar 2006

Innhold

Forord.....	3
1. Innleiding.....	6
2. Metodisk tilnærming.....	8
2.1. Kvantitativ del	8
2.2. Kvalitativ del.....	9
3. Resultat.....	10
3.1. Kvantitativ undersøking	10
3.1.1. Tekstbaserte alternativ til ikkje-tekstleg innhald	10
3.1.2. Tilgjengeleg informasjon utan fargar	11
3.1.3. Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar).....	12
3.1.4. Flimrande element på skjermen	13
3.1.5. Merking av rad- og kolonnetitlar	14
3.1.6. Meiningsberande namn til rammer	15
3.1.7. Tilgjengelegheit utan støtte for script eller tilleggsprogram (plug-in)	16
3.1.8. Kontrastar i fargeval.....	17
3.1.9. Muleg å hoppe over faste element.....	18
3.1.10. Informasjon om avsendar og link ved bruk av rammer	19
3.2. Kvalitativ undersøking	20
3.2.1. Tekniske barrierar	20
3.2.2. Kompetanseavhengige barrierar.....	21
3.2.3. Mulege løysingar.....	21
4. Samanfatting og oppsummering.....	22
Referansar	25
Vedlegg A: Gruppering etter verksemstype og namn	26
Vedlegg B: Spørjeguide	31

Figurar

Figur 3.1 Finnes det tekstbaserte alternativ til ikke tekstlig innhold, som for eksempel meningsfylte ”alt”- tekster for bilder?.....	11
Figur 3.2 Er informasjonen tilgjengelig også når farver ikke vises?	12
Figur 3.3 Er siden leselig når den presenteres uten CSS-instruksjoner?.....	13
Figur 3.4 Er nettsiden fri for blinkende tekst, bilder eller annet som som får skjermen til å flimre?	14
Figur 3.5 Er rad- og kolonnetitler merket i databapper?	15
Figur 3.6 Dersom det brukes rammer (frames) er disse da tilordnet meningsbærende navn (”title”)?.....	16
Figur 3.7 Er nettsidens funksjoner også tilgjengelige for dem som ikke har støtte for skript/programmer eller forskjellige ”plug-in”?.....	17
Figur 3.8 Gir kombinasjonen av forgrunns- og bakgrunnsfarve tilstrekkelig kontrast?	18
Figur 3.9 Finnes det en måte å hoppe over faste elementer/menyer og direkte til innholdet på siden?.....	19
Figur 3.10 Dersom nettstedet bruker rammer, har de i så fall utstyrt alle sider med informasjon om avsender og link tilbake til et komplett rammesett?.....	20

Tabellar

Tabell 2.1 syner talet nettstader i norge.no si kvalitetsvurdering innanfor dei tre grupperte nivåa	8
Tabell 3.1 syner den gjennomsnittlige prosenten for temaet tilgjengelegheit innan kvar av nivåa	10
Tabell 4.1 syner ei vurdering av kor ressurskrevjande indikatorane er å endre og i kva grad dette må gjerast i systemet.	22
Tabell 4.2 syner dei to indikatorane ”Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar)” og ”Tilgjengelegheit utan støtte for script, programmer eller plug-ins” sett i høve til den gjennomsnittlege prosenten for temaet tilgjenge.	23

1. Innleiing

"The power of the Web is in its universality. Access by everyone regardless of disability is an essential aspect."

Tim Berners-Lee, direktør for W3C

Universell utforming

Universell utforming, her i forstått som at alle skal kunna få tilgang til informasjonen på nettet uavhengig av eventuelle nedsett funksjonsevne, var eit hovudmål for Tim Berners-Lee. Tim Berners-Lee var hovudarkitekten bak veven slik vi kjenner den og er no direktør for World Wide Web Consortium (W3C) som styrer utviklinga av veven. Universell utforming er difor eit høgt prioritert område for W3C.

I NOU 2005:8 (JPD 2005) "Likeverd og tilgjengelighet" blir universell utforming definert slik:

"Med universell utforming menes det forhold at produkter, bygninger og omgivelsene for øvrig kan brukes eller er tilgjengelige for så mange mennesker som mulig, uavhengig av brukernes ferdighetsnivå og uten at det forutsettes spesialtilpassede løsninger for enkelte."

Universell utforming i dette notatet er avgrensa til utforming av (statlege) nettsider.

Handlingsplan for auka tilgjengeleheit

I Norge laga regjeringa ved Arbeids- og sosialdepartementet og Miljøverndepartementet ein handlingsplan for auka tilgjengeleheit generelt, og for betre tilgjengeleheit på nettsider spesielt. Planen kom ut i november 2004 og bar namnet "Regjeringens handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne – Plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder" (MD 2004).

I planen blir følgjande målsetjing skissert:

"Planens mål er fullverdig tilgjengelighet med varige virkninger. Det innebærer at alle samfunnsborgere skal ha de samme muligheter til personlig utvikling, deltagelse og livsutfoldelse. Strategien universell utforming gir et bredt anvendelsesområde og åpner for mange innfallsvinkler."

Vidare heiter det at sektoransvaret skal gjelda for oppfølging av tiltaka i planen. På IKT-området er det sagt at ein skal:

"Innføre god tilgjengelighet (WAI-kriteriene) på offentlige nettsteder (MOD), Globalis - interaktivt atlas (UD), styrke universell utforming i arkiver, biblioteker og museer (KKD)."

Oppfølginga av tilgjengeleheit for nettsider er lagt til Moderniseringsdepartementet (no Fornyings- og administrasjonsdepartementet, FAD). Det blir i første rekke følgt opp gjennom

årlege kvalitetsevalueringar av offentlege nettsider, der WAI/WCAG-kriteria står for ei av tre hovudgrupper indikatorar.

Stortingsmelding 40

Stortingsmelding 40 (St.mld. 40, 2003) ”Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne” kom i 2003. Den tek opp forslag i NOU 2001:22 ”Fra bruker til borgar. En strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer” (SHD 2001). Stortingsmeldinga understrekar måla for regjeringa om at IT-verktøy skal produserast etter prinsippa om universell utforming og at offentleg informasjon over Internett skal tilfredsstilla standardkrava frå WAI.

eNorge 2009 – det digitale spranget

eNorge 2009-planen (MOD 2005) er endå tydelegare på kva som skal oppnåast innan tilgjengelegheit. Der blir det sett krav om at 80 % av offentlege nettstader skal tilfredsstilla Norge.no sine kvalitetskriterium for tilgjengelegheit i løpet av 2007. Samla resultat innan tilgjengelegheit var 64 % for Kvalitet 2005. For statleg sektor isolert, var resultatet 72 %. Ut frå dette er kravet om 80 % ikkje spesielt ambisiøst og det kan argumenterast for at det kanskje burde ha vore sett høgre.

Kommunesektoren dreg ned gjennomsnittet på dette området. Men i *eKommune 2009 – det digitale spranget* (KS 2005), som er kommunesektoren sin parallelle til eNorge 2009, er målsetjinga for tilgjengelegheit meir ambisiøse enn i eNorge 2009. KS seier i sin plan at

”i løpet av 2007 skal alle kommunale og fylkeskommunale nettsteder oppfylle Norge.no’s kvalitetskriterier”

Det må tolkast som at krava innan tilgjengelegheit skal oppnåast 100 %. Kommunane har ein god del arbeid å gjera her, sidan oppnåinga i dag ligg på rundt 50 %.

NOU 2005:8 – Likeverd og tilgjengelegheit

I NOU 2005:8 (JPD 2005) ”Likeverd og tilgjengelighet – Rettslig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsatt funksjonsevne. Bedre tilgjengelighet for alle” går utvalet lenger og føreslår lovfesting av forbod mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. NoU-en har mellom anna ei omfattande utgreiing av omgrepene *Universell utforming* (”Universell utforming – fra ideal til rettsnorm”). Dersom forslaga i NoU-en blir lagde fram for Stortinget som lovforslag, og vedtekne, kan ein av konsekvensane bli at utforming av offentlege nettsider må følgja W3C sine tilrådingar, og ikkje bør som no.

Tilgjengelegheit i statleg sektor

Undersøkinga er gjennomført for å finna ut kva statlege etatar veit om universell utforming for web, og kva barrierar som eventuelt finst mot gjennomføring av tiltak for å oppnå full tilgjengelegheit.

Resultata for ”Tilgjengelegheit” i den siste kvalitetsundersøkinga, Kvalitet 2005, er analyserte og supplerte med intervju av enkelte statlege etatar.

2. Metodisk tilnærming

Den metodiske tilnærminga er todelt med ein kvantitativ og ein kvalitativ del. Den kvantitative delen er analyse av eksisterande indikatorar frå kvalitetsvurderingane til norge.no, medan den kvalitative delen er telefonintervju med vev-ansvarlege frå ulike offentlege etatar.

2.1. Kvantitativ del

Datamaterialet er oversendt frå Norge.no og kjem frå kvalitetsvurderinga av offentlege nettstader sin database. Det er avgrensa til berre å gjelde sider frå statleg sektor. Kommunar og fylkeskommunar er difor selektert vekk. Totalt har materialet evalueringar av 246 ulike statlege vefsider. Desse er inndelte i 22 ulike verksemder som omfattar Norge.no. For å framstille materialet meir oversiktleg har vi gruppert vefsidene i tre nivå etter ein hierarkisk struktur synt under.

- | | |
|-----------|----------------------------------------------------------------------------------------|
| Nivå I: | Storting, Sameting, Högsterett, Regjeringa ved Statsministerens kontor og Departementa |
| Nivå II: | Direktorat og tilsyn, Fylkesmannsembeta, Etatar og Ombod under Stortinget |
| Nivå III: | Andre statlege etatar |

Vedlegg A: Gruppering etter verksemstype og namn, syner den fullstendige grupperinga for alle institusjonane.

Talet nettsider innan kvart nivå er synte i Tabell 2.1. Det er naturlegvis ein del fleire nettstader i nivå III.

Tabell 2.1 syner talet nettstader i norge.no si kvalitetsvurdering innanfor dei tre grupperte nivåa

	Tal nettstader	Prosent i undersøkinga
Nivå I	21	8,5
Nivå II	67	27,2
Nivå III	158	64,2
Total	246	100,0

Inndelinga er basert på ei forventning om at tilgjengelege ressursar er ulike på dei tre nivåa. Dette fordi institusjonane sin posisjon i kjeda av både avgjerdsmakt og løyvingar vil influere på i kva grad vevstaden kommuniserer ein sentral eller perifer bodskap i statleg sektor. Det er grunn til å tru at denne plasseringa påverkar kor mykje midlar som er sette inn i nettstaden, og derav også kompetansen vev-redaksjonen har høve til å knyte til seg. Vidare får dei ulike nettstadene i mange tilfeller meir konkrete brukargrupper ettersom institusjonane sin funksjon blir meir spesialisert nedover i hierarkiet. Dette kan påverke kor medvitne redaksjonane er omkring tilgjengeleghet på nettsida.

Resonnementet er tufta på ei generell forventing, og tek ikkje opp i seg at også på lågare nivå kan sjølv sagt enkelte vevredaksjonar innehå stor kompetanse og fokus omkring tilgjengen. Ei ulempe ved inndelinga er at det blir stor skilnad på tal verksemder i kvar gruppe.

2.2. Kvalitativ del

Den kvalitative delen er gjennomført ved hjelp av telefonintervju. Informantane er primært vevadministratorar med ansvar for den daglege drifta av nettstader med ulik statleg tilhøyre. Føremålet med å nytte desse, og ikkje informasjonsdirektørar eller personar i liknande høgare stillingar, er eit ynskje om at informantane skal ha både teknisk og fagleg kjennskap til nettproduktet. Vidare at informantane skal vere dei som kommuniserer sine behov for midlar oppover, og gjer sine prioriteringar nedover. Med midlar er her forstått både økonomiske løyingar og kompetanse/informasjon. Informantane skal gje svar på i kva grad tilgjenglege er eit område med høg eller låg fokus både oppover og nedover i systemet, og kva barrierar som oppfatast som avgjerdande for å påverke dette i den direkte utføringa av arbeidet.

Til gjennomføringa av intervjeta er det nytta ein spørjeguide. Denne finnast i Vedlegg B: Spørjeguide. Spørjeguiden er ikkje meint som eit spørjeskjema, men som ei rettesnor i samtalen med informantane. Alt etter kva kompetane og haldningar informantane signaliserer er difor spørsmåla tilpassa i høve relevansen i den enkelte samtalen. Spørjeguiden er utvikla i samarbeid med oppdragsgjevar.

Vi har intervjeta ni vev-administratorar fordelt på institusjonane synt under:

- | | |
|-----------|----------------------------------------------------|
| Nivå I: | Stortinget, Departementa v/ Odin-redaksjonen |
| Nivå II: | Datatilsynet, Trygdeetaten, Fylkesmannsembata |
| Nivå III: | Universitetet i Oslo, VENN, Helse Sør, Kulturrådet |

Utvalet av desse ni er gjort ut frå eit skjøn basert på fire kriterium:

- Nivåa i den hierarkiske inndelinga
- Resultatet i kvalitetsvurderinga til Norge.no
- Forventa fokus sett i høve til tenesta institusjonen utøver
- Forventa fokus sett i høve til storleiken på brukargruppa til institusjonen

3. Resultat

Resultata er delt i ein kvantitativ og ein kvalitativ del. Dei kvantitative resultata skal teikna eit oversiktsbilete for situasjonen, og går ikkje i så stor grad ned i detaljane som den kvalitative delen. Dne siste er framstilt tekstleg og oppsummerer hovudsynspunkta frå samtalane.

3.1. Kvantitativ undersøking

Den delen av kvalitetsvurderinga til norge.no som rettar seg mot temaet tilgjengeleight inneholder 10 indikatorar. Kvar av desse indikatorane blir gjevne poeng basert på i kva grad nettsidene oppfyller retningslinjene. Norge.no opererer vidare med ein samla prosent for dei ti indikatorane. Denne gjev eit oversiktsbilete og syner samla poengsum for eigenskapsområdet tilgjengeleight. Eit resultat på 100 prosent betyr at alle indikatorane får toppskår.

Tabell 3.1 Gjennomsnittleg oppnådd resultat for temaet/eigenskapsområdet tilgjengeleight for kvart nivå

	Gjennomsnittleg prosent for temaet tilgjengeleight
Nivå I	83%
Nivå II	73%
Nivå III ¹	70%

Kjelde: Bearbeida data frå www.norge.no

Som det går fram av tabellen, har nettsidene i nivå I i gjennomsnitt 83 prosent oppfylling av indikatorane. Nivå II og III er ganske like med høvesvis 73 og 70 prosent oppnådd resultat. Nivå I har vi omtala som nettstader høgt opp i kjeda av avgjerdsmaikt og løyvingar. Generelt er dette store nettstader som formidlar informasjon til ei brei brukargruppe. Resultata syner vidare at verksemndene i nivå II og III har om lag 10 prosent lågare oppfylling av indikatorane enn verksemder i nivå I.

Under er resultata for kvar av indikatorane synte med ei forklaring på kva indikatoren måler. Spørsmålstillinga til indikatoren er synt i figurtekstane. Vi har derimot ikkje kommentert resultata til kvar enkelt figur.

3.1.1. Tekstbaserte alternativ til ikkje-tekstleg innhald


Ikkje-tekstleg innhald er som oftast grafikk og kan brukast både som meiningsberande informasjon og som design- og layoutelement. I det siste tilfellet er det viktig at grafikken er utstyrt med tom ALT-tekst. Det vil sei at ALT-tekstelementet er på plass, men med null verdi (eksempel:). Her er det korrekt sett inn ALT-tekst "" for eit grafisk element som berre blir brukt for å plassera teksten.

¹ Nivå III inneholder her 138 nettsider mot 158 i resten av datamaterielaet. Alle nettsidene under verksemdsområda; Private bedrifter, Statsaksjeselskap, Stiftelser med statlig tilknytning og Eksterne lenker er ikkje med i denne oppstillinga.

Grafikk som har mening for brukaren, skal sjølvsagt utstyrast med meiningsberande ALT-tekst.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

"Det svares ja hvis det er alternativ tekst på alle bilder på siden, delvis hvis det kun er alternativ tekst på f.eks. forsiden eller den alternative teksten ikke gir en god forklaring på hva bildet viser/er, og nei hvis det er alternative tekster på mindre enn halvparten av bildene."




Figur 3.1 Finnes det tekstbaserte alternativ til ikke-tekstlig innhold, som for eksempel meningsfylte "alt"-tekster for bilder?

3.1.2. Tilgjengeleg informasjon utan fargar

Navigerbare element som hyperkoplinger i tekst kan vere vanskelege å oppdage dersom desse berre er merkte med ulik farge. For å lette navigeringa skal difor slike element vere merkte meir enn berre ulik farge. Dette kan eksempelvis vere understrekning eller utheling.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

"Svar nei hvis lenker i løpende tekst ikke er markert med annet enn farve. Svar ja dersom de er markert for eksempel med understrekning, fet skrift eller annet som gjør at de skiller seg ut."



Figur 3.2 Er informasjonen tilgjengelig også når farver ikke vises?


3.1.3. Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar)

CSS står for Cascading Stylesheets og er eit tillegg til HTML-kodinga for å skilja mellom innhald og presentasjon. Presentasjonen blir i størst muleg grad skilt ut i eigne stilark. Stilarka bestemmer utsjånaden på heile nettstaden, og det er enkelt å endra denne sidan koden ligg i ei fil og ikkje i tusen HTML-filer.

I ein del tilfelle forsvinn strukturen i teksten dersom den ikkje blir presentert saman med CSS-instruksjonane. Dette gjer at overskrifter, avsnitt og andre element som delar inn teksten blir borte. Det er viktig at sidene er leselege, om enn ikkje ”pene”, om CSS-instruksjonane av ein eller annan grunn ikkje blir lasta og utførte.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

”Svar ja hvis strukturen i teksten beholdes. Svar nei dersom det ikke lenger er mulig å skille overskrifter fra brødtekst.”




Figur 3.3 Er siden leselig når den presenteres uten CSS-instruksjoner?

3.1.4. Flimrande element på skjermen

Blinking og flimring på skjermen kan gjøre teksten vanskeleg å lese. Det kan også gjøre at enkelte oppfattar det som ubehagleg å sjå på skjermen. Blinking er definert som frekvensar på mellom 4 og 59 blink i sekundet. Indikatoren er særleg av omsyn til dei som lir av epilepsi, der det har vist seg at blinkande element av ein viss frekvens kan utløysa reaksjonar.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

”Visuell kontroll; ingenting skal flimre/blinke.”



Figur 3.4 Er nettsiden fri for blinkende tekst, bilder eller annet som som får skjermen til å flimre?


3.1.5. Merking av rad- og kolonnetitlar

HTML, som er det opprinnelige programmeringsspråket for web'en, er dårleg på formattering. Ein av dei vanlegaste måtane ”å komma rundt” problemet med å plassera tekst og andre informasjonselement på ønska plass, har vore ved bruk av tabellar. Tabellar er difor stort sett brukte til layout og ikkje til datapresentasjon på web-sider.

Når tabellar blir brukte til å presentera data, er det viktig at koden for kolonneoverskrifter, <th> for Tabel Heading, blir brukt. Då kan svaksynte og blinde få viktige opplysningar om kva som finst i dei ulike tabell-kolonnene.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

”Det svares ja dersom det er brukt <th>-elementer i kolonneoverskriftene. Det svares ”Delvis/Har ikke” dersom <th>-elementet enten berre er brukt i _noen_ databapper, eller det ikke er brukt korrekt, eller det ikke er mulig å finne noen databell.”



Figur 3.5 Er rad- og kolonnetitler merket i datababler?

3.1.6. Meiningsberande namn til rammer

Innføringa av rammer (*frames*) løyste eit anna problem for HTML-programmerarar: Det gjorde det lettare å behalda ein fast menystruktur eller faste element på ei side, utan å måtta lasta sida på nytt og utan å måtta utstyra alle sider med ein fast (meny-)tekst. Dessverre hadde rammer også ein del uheldige sider:

- innhaldssider kan bli lasta utan forankring til rammesettet, og dermed ”sveva i lause lufta”
- vanskeleg å bokmerkja innhaldssider fordi nettsidene får same URL-en uavhengig av kva side ein er inne på (URL-en til topp- eller menyramma blir vist heile tida)
- tittel på sida vil ofte bli tittel på ramme-delen og såleis ikkje reflektera innhaldet (knytt til problemet med bokmerking).


Det beste er å kutta ut rammer, det er i dag enkelt å løysa dei ovannemnde problema og i tillegg skaper ein ikkje nye. Dersom ein likevel brukar rammer, som mange framleis gjer, er det enkelt å laga tilpassingar for å unngå dei nemnde tilleggsproblema.

Ved bruk av leseprogram er det naudsint at rammer er merkte med informasjon. Dersom desse ikkje er merkte, eller informasjonen ikkje gjev mening, vil brukaren ha problem med å velje kva ramme som skal lesast opp.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

”Svar ja hvis title-attributtet er brukt, og det inneholder en beskrivelse som gjør at du lett kunne gjette deg til du finner på de forskjellige delene. Titlene må med andre ord gi informasjon om hva rammen inneholder og ikke berre hvor den evt er plassert. F.eks er det

ikke nok å referere til en ramme med venstremeny som title="venstre", ettersom det ikke er alle nettsider som har menyen der. Istedent må det brukes f.eks. title="globalmeny" el.l."



Figur 3.6 Dersom det brukes rammer (frames) er disse da tilordnet meningsbærende navn ("title")?


3.1.7. Tilgjengeleghet utan støtte for script eller tilleggsprogram (plug-in)

Mange brukar tilleggs-teknologiar til HTML for å oppnå ulike effektar. Mest vanleg er JavaScript i menyar. Menyar og element som baserer seg på at dei til dømes skal faldast ut, kan vere vanskelege å navigere i. Ofte krev desse større presisjon ved bruk av mus, og kan oppfattast som tungvinte å bruke. Vidare bør søkefelt heller ikkje vere avhengige av JavaScript for å fungere.

Dersom nett-tenesta gjer bruk av tilleggsfunksjonalitet, er det viktig å tilby alternativ som er frie for slike tilleggskrav.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

"Svar ja hvis både menyer og søkerfelt fungerer som før. Svar delvis hvis berre en av delen fungerer tilfredsstillende. Svar nei hvis verken menyer eller søkerfelt fungerer. Alternativ navigasjon/transportsider bør gi uttelling, men full?"




Figur 3.7 Er nettsidens funksjoner også tilgjengelige for dem som ikke har støtte for skript/programmer eller forskjellige ”plug-in”?

3.1.8. Kontrastar i fargeval

Manglande kontrastar kan vere problematisk for personar med nedsett syn (fargesyn). Slike dårlige kontrastar vil også gjelde når sida blir gjengjeva i svart/kvitt. Ofte er det framgrunnsfarge kontra bakgrunnsfarge som skapar problem.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:
”Menyer og innhold må ha lys- og farveforskjeller mellom skriftfarge og bakgrunn som er høyere enn hhv 125 og 400. [refererer til eit konkret testprogram som måler kontrast]”




Figur 3.8 Gir kombinasjonen av forgrunns- og bakgrunnsfarve tilstrekkelig kontrast?

3.1.9. Muleg å hoppe over faste element

Når ein person nyttar leseprogram kan han/ho ikkje flytte seg rundt i nettsida visuelt. Dersom ikkje ei av dei første lenkjene gjer det muleg å gå direkte til innhaldet på sida, må vedkomande lese seg forbi ei rekkje lenkjer, mellom anna alle faste menyval.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene:

"Svar ja dersom den første eller andre lenken er en lenke til hovedinnholdet på siden. Den må dessuten ha et navn/en beskrivelse som gjør at du forstår at det er en lenke til hovedinnholdet."




Figur 3.9 Finnes det en måte å hoppe over faste elementer/menyer og direkte til innholdet på siden?

3.1.10. Informasjon om avsendar og link ved bruk av rammer

På ei rammebasert side kan brukaren få opp sida utan at konteksten, dvs. rammene, følgjer med. Det skjer ofte ved treff i ein søkemotor eller liknande. Det er difor naudsynt at det på kvar enkelt side går fram kven som har laga den, og at det er lenkje på same sida til tilhøyrande rammesett.

I rettleiaren til kvalitetsvurderingane blir vurderingane gjorde ut frå desse retningslinjene: ”*I Opera, høyreklikk rammen med innhold, og velg "Frame --> Maximize". Siden som kommer opp skal ha tydelig informasjon om hvem som har laget den, og en link tilbake til hele rammesettet (ikke berre forsiden). Hvis hele rammesettet lastes på nytt, skru av javascript (F12) og forsøk på nytt.*”



Figur 3.10 Dersom nettstedet bruker rammer, har de i så fall utstyrt alle sider med informasjon om avsender og link tilbake til et komplett rammesett?

3.2. Kvalitativ undersøking

I framstillinga av dei kvalitative resultata er det nytta ei inndeling i tekniske og kompetanseavhengige barrierar. Med tekniske barrierar meiner vi det som ikkje let seg endre utan å gjere endringar i sjølve publisering- og/eller portalsystemet. Kompetanseavhengige barrierar er det som ligg i kunnskap om kva som aukar tilgjenger, og fokuset på å betre dette. Desse er sjølvsagt samanfallande i eit lenger perspektiv, men gjennom intervjua oppfatta vi eit skilje mellom desse i kvardagen til vevadministatorane. Det er vidare presentert mulege løysingar basert på utsegner frå informantane.

3.2.1. Tekniske barrierar

Den mest vanlege tekniske barrieren for å auke tilgjenger på nettstadene er etter informantane sim meining alderen og storleiken til systemet. Eldre system syner seg å ha mindre tilrettelagte løysingar for tilgjenge. Årsaka er forklart med at fokuset generelt sett var lågare då systemet vart utvikla. Det er oppfatta som dyrt å flikke på slike system, og difor blir ikkje tilgjenger auka før ved ei større omlegging.

Den andre store barrieren er storleiken. I store system er det mykje informasjon som ligg ute i ulike former, og det er vanskeleg å rette opp i gamle synder. Vidare er det ofte mange personar som har høve til å publisere. Dette gjer at sjølv om vevredaksjonen har stort fokus på tilgjenge, kan andre, som også publiserer, vere mindre opptekne av desse tinga.

Knytt til systema finn ein også ei gjennomgåande utfordring ved bruk av leverandørar. Mange av informantane hevdar at leverandørar er lite opptekne av tilgjenge. Fokuset deira er retta

mot design og drift av nettstadene. Det kom også fram at i mange tilfelle er leverandørane opptekne av å nyte dei nyaste teknologiske løysingane, og at dette kan redusere tilgjenge. Her er det derimot litt delte oppfatningar og det vart poengert at dette er ein myte som hadde sett seg fast. Det trong ikkje vere ein motsetnad dersom ein er medvitni i måten ein nyttar teknologien. Når ein ser påstandane om at eldre system (to-fire år gamle) vanskelegare stettar krava om tilgjenge, og samstundes har nye system problem med å ta opp i seg desse faktorane, kan det også tyde på at dette handlar om korleis teknologien blir nyttar.

3.2.2. Kompetanseavhengige barrierar

Det er ein samanheng mellom storleiken på nettstaden og graden av fokus på tilgjenge. Dei større nettstadene har eigne redaksjonar der dette er godt innarbeida, men også her får vi inntrykk av at enkeltpersonar sitt engasjement er viktig. Dei har handlingsplanar, og gode faglege nettverk. Men det er også desse som slit med at storleiken dreg med seg därlegare tilgjengeleighet grunna kompleksiteten, og at mange har tilgang til å publisere. Kjennskapen til kvalitetsvurderingane til norge.no er jamt over god på alle tre nivåa, og mange nyttar desse som mal for sitt arbeid. Dei større nettstadene har også god kjennskap til tilrådingane fra W3C/WAI, handlingsplanen for universell utforming, eNorge 2009-planen og liknande.

Økonomiske midlar er av enkelte drege fram som ein barriere. Nokre ser ting som bør rettast, men har ikkje midlane til å utføre det. Medan andre også treng midlar til å opparbeide seg kompetanse. Her er det litt sprikande oppfatningar. Ein del enkle ting er trekte fram som mulege å rette opp utan bruk av store midlar, og i slike tilfeller er det fokuset og tiltaket som manglar.

På spørsmål om kva dei meiner er den viktigaste barrieren er det trekt fram at mindre nettstader ofte er prislitt leverandøren. Dei har ikkje midlar til å halde seg informert om ”alt” når dei utarbeidar kravspesifikasjonane (viss dei i det heile utarbeider kravspesifikasjonar!), og må difor stole på at leverandøren gjev dei rette råda. Det er også etterlyst auka fokus hjå dei som løyver midlane.

3.2.3. Mulege løysingar

Bortsett frå dei tekniske barrierane som ligg i å utbetre allereie eksisterande (gamle) system, kjem det fram tre faktorar som kan påverke utviklinga framover. Desse er

- midlane som blir løyvde
- kompetansen hjå vevadministrasjonen
- kompetansen og viljen hjå leverandørane

For å auke tilgjengeret må alle desse tre faktorane ha fokus på tilgjengeleighet i arbeidet sitt.

I budsjettprosessane må behovet for å gjere endringar på nettstaden understrekast. Her vil planar for universell utforming og anna informasjon påverke i kva grad fokuset er til stades. Vidare må vevadministrasjonane få lett tilgang på informasjon. Enkelte meiner at denne allereie i dag er tilstrekkelig, men at det krev ein innsats å gjere seg kjend med den. Andre etterlyser meir og betre informasjon. WAI-tilrådingane er av desse sett på som ganske tekniske og universelle. Dei etterlyser informasjon som passar inn i ”den norske offentlege kvardagen”. I dette ligg at det må utarbeidast klare og forstålege retningslinjer for kva krav ei offentleg nettside skal imøtekommme. Denne må vidare skildrast med eksempel og gode dømer. Den må også gjerast kjend. Det er påpeika at dette vil betre vevadministrasjonane sin

informasjon om feltet, og i neste omgang hjelpe desse å kommunisere bodskapen både oppover og nedover i systemet.

I høve leverandørane vil tydleg formulerte retningslinjer ha større verknad enn dagens litt ukjart formulerte bodskap. Det lettar utarbeidinga av kravspesifikasjonar, og motverkar at leverandørane får nytte sin tekniske kunnskap til å ”overkøyre” etterspørjaren. Nokre meiner endå til at ei slags ”WAI-sertifisering” må stillast som krav for å få levere til offentlege institusjonar. Det er lite føremålstenleg at kvar enkelt vevadministrasjon må setje seg inn i retningslinjene om tilgjengeleghet og følgje dette opp så tett som i dag. For store nettstader er det greitt, men for mange små kan dette leggje beslag på viktige ressursar. Dersom tilgjengeleghet er ein sjølvsagt ting frå leverandøren si side treng ikkje administrasjonen setje seg inn i slike tekniske detaljar, og dei kan bruke ressursane på innhaldet til nettstaden. Men det skal også seiast at leverandørane også vart rosa for at fokuset deira har auka dei siste åra.

Brukargrupper er også trekte fram som viktige samarbeidspartnarar. Dei tekniske krava hjelper på auka tilgjenge, men det er likevel vanskeleg å vurdere i kva grad det faktisk fungerer i praksis. Nokre av vevstadene hadde tilgang på personar med nedsett syn for testing av nettsida. Dette er sett på som svært verdifulle tilbakemeldingar. Andre har ikkje høve til slik testing, og får då heller ikkje prøve i kva grad dei ulike funksjonane faktisk fungerer etter intensjonen. Å ha tilgang på eit testpanel som kan gje konkrete tilbakemeldingar er difor sett på som ein verdfull ressurs som mange manglar. Alternativt kan det vera ein instans, til dømes Norge.no, som kan ”sertifisera” sidene i høve tilgjengeleghet.

4. Samanfatting og oppsummering

Frå den kvalitative studien ser vi at tre barrierar syner seg å vere avgjerande:

- manglar i systema grunna alder eller storleik
- manglande kompetanse om feltet
- leverandørane i for liten grad tek omsyn til tilgjengeleghet når dei utviklar løysingar

I Tabell 4.1 under er indikatorane i kvalitetsevalueringa lista opp med ei vurderinga av kor ressurskrevjande dei er å endre og i kva grad dette må gjerast i systemet.

Tabell 4.1 syner ei vurdering av kor ressurskrevjande indikatorane er å endre og i kva grad dette må gjerast i systemet (dvs. er eigenskapar ved systemløysinga).

Indikator	System-avhengig	Ressursar for å endre
1.1 Tekstbaserte alternativ til ikkje tekstlig innhald	Delvis	Lite
1.2 Tilgjengeleg informasjon utan fargar	Ja	Lite
1.3 Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar)	Ja	Ein del
1.4 Flimrande element på skjemen	Nei	Lite
1.5 Merking av rad og kolonnetitlar	Ja	Lite
1.6 Meiningsberande namn til rammer	Delvis	Lite
1.7 Tilgjengeleghet utan støtte for script, program eller plug-ins	Ja	Mykje
1.8 Kontrastar i fargeval	Ja	Lite
1.9 Moglegheit til å hoppe over faste element	Ja	Lite
1.10 Informasjon om avsendar og link ved bruk av rammer	Ja	Lite

Frå tabellen ser vi at dei einaste indikatorane som krev særlege ressursar for å endre er ””Leseleg utan stilark” og ”Tilgjengeleghet utan støtte for script, tilleggsprogram eller plug-ins”. I Tabell 4.2 har vi sett resultata frå den gjennomsnittlege prosenten for tilgjengeleghet henta frå Tabell 3.1 saman med resultata for kvar av dei to indikatorane henta frå høvesvis Figur 3.3 og Figur 3.7. Vi ser då at for nivå I er resultatet for begge indikatorane betre enn gjennomsnittet. Også for nivå II og III er resultatet for indikatorane høgare eller like høge som gjennomsnittet.

Dei to indikatorane som etter vårt syn trengst mest ressursar for å endre, er med andre ord ikkje dei som dreg ned gjennomsnittet for temaet tilgjengeleghet sett under eitt.

Tabell 4.2 syner dei to indikatorane ”Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar)” og ”Tilgjengeleghet utan støtte for script, programmer eller plug-ins” sett i høve til den gjennomsnittlege prosenten for temaet tilgjenge.

	Gjennomsnittleg prosent for temaet tilgjenge	Leseleg utan stilark (CSS-instruksjonar)	Tilgjengeleghet utan støtte for script, programmer eller plug-ins
Nivå I	83%	86%	95%
Nivå II	73%	85%	73%
Nivå III	70%	73%	70%

Sjølv om dei andre åtte indikatorane er lettare å imøtekome med tanke på ressursbruk, er det sjølvsagt i sum krevjande når mange ting skal rettast opp. Såleis vil argumentet med at systemet er gammalt og stort ha hald. For at ikkje nye manglar skal oppstå må difor fokusset på tilgjengeleghet vere tilstades hjå dei som publiserer. Dette leiar inn på argumenta om at det trengst tydelegare tilrådingar; både i form av klarare uttrykte tilrådingar og betre dokumentasjon om korleis ein skal gå fram for å oppnå måla. Tilrådingane bør vera på ei slik form at dei kan takast rett inn i kravspesifikasjonar retta mot leverandørar.

Ei utfordring med slik tilrådingar er å lage dei tilstrekkeleg spesifikke samstundes som dei er mest muleg universelle. Enkelete av respondentane opplyste at dei med utgangspunkt i WAI-tilrådingane hadde laga sine eigne retningslinjer. Desse var altså ulike WAI sine tilrådingar fordi dei fann enkelte punkt mindre føremålstenlege, medan andre element som ikkje er del av WAI-tilrådingane såg dei som meir nyttige. Dette er også tilfelle for kvalitetsvurderingane i Norge.no. Her vart i utgangspunktet WAI/WCAG-krava på nivå 1 lagt til grunn, under føresetnad at dei var mulege å testa med testmetoden *ekspertbrukarar*. Nokre tilrådingar måtte difor kuttast ut, og andre frå lågare nivå, vart trekte inn.

Fleire av respondentane hadde også eit medvite forhold til si brukargruppe. Utan at dette kanskje gjev grunn til å lempe på krava om tilgjenge, så kan det andre vegen vere nettstader som bør ha større fokus enn den ”vanlege” offentlege nettsida. Det kan vera tilfelle når det er grunn til å tru at brukargruppa består av ein større del med slike behov i høve resten av befolkninga. Elles poengterte ein av respondentane at brukargruppa godt kan vere eit resultat av tilgjengeleghet på nettsida. Dersom nettsida er dårlig tilrettelagt, ekskluderer den brukarar med nedsett funksjonsevne. Dei nyttar då ikkje nettsida, og då blir dei heller ikkje sett på som ein del av brukargruppa. Den aukande mengda av eldre som nyttar Internett er eit slikt døme. Tidlegare var dei ikkje ein del av brukargruppa fordi dei ikkje nyttja nettet. No gjer dei det, og er såleis ei ny potensiell brukargruppe for mange nettstader.

I botnen ser det ut til at om ei nettside har god tilgjengeleghet eller ikkje, mest er knytt til haldningar hjå dei som løyver midlar, dei som administrerer nettsida og dei som er leverandørar. For å endra haldningar trengst det informasjon, og ofte også sanksjonsmulegheiter.

Intervjuet tyder på at svært få har utarbeida handlingsplanar på området. Dei som er best på tilgjengeleghet er orienterte om planar som finst, men har ikkje nødvendigvis utarbeida eigne planar. Dei er spesielt medvitne om føremonene ved universell utforming, men vårt inntrykk er at det er svært mykje knytt til personen som har ansvaret for nett-tjenesta, og i liten grad knytt til eksplisitte planar på området. Undersøkinga tyder på at tilpassing til meir tilgjengelege nett-sider i stor grad er eit resultat av personlege interesser og for lite eit resultat av ei planlagt utvikling i verksemndene.

I kvalitetsevalueringa har ein mulegheiter til både å informera og til å skapa merksemrd om dei som oppnår gode resultat (det omvende av sanksjonar). Saman med klare målsetjingar i eNorge-planen er det difor gode mulegheiter for å betra tilgjengeleghet på offentlege nettsider. Det som skortar mest i dag, er ei pedagogisk god framstilling av krava/tilrådingane og korleis ein skal oppfylla dei i praksis. Det trengst også ein diskusjon om korleis krava i kvalitetsindikatorane skal harmonisera med WAI-tilrådingane. Nokre spørsmål som melder seg, er

- Skal kvalitetskrava vera eit subsett eller skal dei vera samanfallande med WAI/WCAG?
- Skal det krevjast WAI-tilpassingar ut over det som blir kravd i kvalitetsevalueringa?
- Bør ambisjonane i høve eNorge 2009 hevast, særleg med tanke på at statleg sektor er nær ved å tilfredsstilla desse alt?

Referansar

- Justis- og politidepartementet, (JPD 2005) *NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. Rettslig vern mot diskriminering på grunnlag av nedsatt funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle.* http://www.odin.dep.no/jd/norsk/dok/andre_dok/nou/012001-020036/dok-bn.html
- Kommunenes Sentralforbund, (KS 2005) *eKommune 2009*, kommunesektoren sin eNorge-plan, http://www.ks.no/upload/74648/Komplettfil_medomslag_uten%20marger.pdf
- Miljøvern-departementet (MD 2004) *Regjeringens handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne – Plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder,* http://www.dep.no/md/norsk/dok/andre_dok/planer/022041-990295/dok-bn.html
- Moderniseringsdepartementet (MOD 2005) *eNorge 2009*, ny eNorge-plan lagt fram i 2005, for perioden 2005 – 2008. http://odin.dep.no/filarkiv/251516/enorge_2009_komplett.pdf
- Norge.no Kvalitet 2005 <http://www.norge.no/kvalitet/kvalitet2005/>
- Sosial- og helse-departementet (SHD 2005) *NOU 2001:22 Fra bruker til borge r- En strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer.* http://www.odin.dep.no/aid/norsk/dok/andre_dok/nou/030001-020008/dok-bn.html
- Stortingsmelding 40 (St.mld. 40, 2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne. 2003* <http://odin.dep.no/aid/norsk/publ/stmeld/044001-040005/index-dok000-b-f-a.html>
- Web Accessibility Initiative, WAI <http://www.w3.org/WAI/>
- Web Content Accessibility Guidelines (WCAG) <http://www.w3.org/WAI/intro/wcag20.php> (introduksjon)

Vedlegg A: Gruppering etter verksemstype og namn

NIVÅ I

Virksomhetstype	Namn
Stortinget	Stortinget
Sametinget	Sametinget
Regjeringen	Statsministerens kontor
Høyesterett	Høyesterett
Departementene	Arbeids- og sosialdepartementet Barne- og familieldepertementet Finansdepartementet Fiskeri- og kystdepartementet Forsvarsdepartementet Helse- og omsorgsdepartementet Justis- og politidepartementet Kommunal- og regionaldepartementet Kultur- og kirkedepartementet Landbruks- og matdepartementet Miljøverndepartementet Moderniseringsdepartementet Nærings- og handelsdepartementet Olje- og energidepartementet Samferdselsdepartementet Utdannings- og forskningsdepartementet Utenriksdepartementet

NIVÅ II

Virksomhetstype	Namn
Direktorat og tilsyn	ABM-utvikling Aetat Arbeidsdirektoratet Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet Bergvesenet med Bergmesteren for Svalbard Brønnøysundregistrene Datatilsynet Direktoratet for Arbeidstilsynet Direktoratet for naturforvaltning Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap Direktoratet for utviklingssamarbeid - Norad Fiskeridirektoratet Jernbaneverket Justervesenet Konkurransestilsynet Kredittilsynet Kystdirektoratet Lotteri- og stiftelsestilsynet Luftfartstilsynet Mattilsynet Nasjonal sikkerhetsmyndighet NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat Oljedirektoratet

	Patentstyret (Styret for det industrielle rettsvern) Petroleumstilsynet Politidirektoratet Post- og teletilsynet Riksantikvaren Riksarkivet Rikstrygdeverket Sjøfartsdirektoratet Skattedirektoratet Sosial- og helsedirektoratet Statens bygningstekniske etat Statens forurensningstilsyn Statens forvaltningstjeneste Statens helsetilsyn Statens jernbanetilsyn Statens landbruksforvaltning Statens legemiddelverk Statens lånekasse for utdanning i Oslo Statens strålevern Statistisk sentralbyrå Toll- og avgiftsdirektoratet UDI - Utlendingsdirektoratet Utdanningsdirektoratet Vegdirektoratet Vernepliktsverket
Fylkesmannsembedene	Fylkesmannen i Aust-Agder Fylkesmannen i Buskerud Fylkesmannen i Finnmark Fylkesmannen i Hedmark Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkesmannen i Nord-Trøndelag Fylkesmannen i Nordland Fylkesmannen i Oppland Fylkesmannen i Oslo og Akershus Fylkesmannen i Rogaland Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Fylkesmannen i Sør-Trøndelag Fylkesmannen i Telemark Fylkesmannen i Troms Fylkesmannen i Vest-Agder Fylkesmannen i Vestfold Fylkesmannen i Østfold
Etater og ombud under Stortinget	Riksrevisjonen Sivilombudsmannen - Stortingets ombudsmann for forvaltningen

NIVÅ III

Virksomhetstype	Namn
Andre regionale og lokale enheter underlagt dep.	Aker universitetssykehus HF Akershus universitetssykehus HF Arkitekthøgskolen i Oslo Blefjell sykehus HF Det norske radiumhospital HF Helgelandssykehuset HF Helse Bergen HF Helse Finnmark HF Helse Fonna HF Helse Førde HF

Helse Midt-Norge RHF
Helse Nord RHF
Helse Nord Trøndelag HF
Helse Nordmøre og Romsdal HF
Helse Stavanger HF
Helse Sunnmøre HF
Helse Sør RHF
Helse Vest RHF
Helse Øst RHF
Høgskolen i Agder
Høgskolen i Akershus
Høgskolen i Bergen
Høgskolen i Bodø
Høgskolen i Buskerud, Kongsberg
Høgskolen i Finnmark
Høgskolen i Gjøvik
Høgskolen i Harstad
Høgskolen i Hedmark
Høgskolen i Lillehammer
Høgskolen i Molde
Høgskolen i Narvik
Høgskolen i Nesna
Høgskolen i Nord-Trøndelag
Høgskolen i Oslo
Høgskolen i Sogn og Fjordane, avd. Sogndal
Høgskolen i Stord/Haugesund
Høgskolen i Sør-Trøndelag
Høgskolen i Telemark
Høgskolen i Tromsø
Høgskolen i Vestfold
Høgskolen i Volda
Høgskolen i Østfold
Høgskolen i Ålesund
Hålogalandssykehuset HF
Kunsthøgskolen i Bergen
Kunsthøgskolen i Oslo
Nordlandssykehuset HF
Norges fiskerihøgskole
Norges Handelshøyskole
Norges idrettshøgskole
Norges musikkhøgskole
Norges veterinærhøgskole
Pensjonstrygden for sjømenn
Politihøgskolen
Psykiatrien i Vestfold HF
Rikshospitalet HF
Ringerike sykehus HF
Rusbehandling Midt Norge HF
Samisk høgskole - Sámi allaskuvla
St. Olavs Hospital HF
Sunnaas sykehus HF
Sykehusapotekene ANS
Sykehusapotekene i Midt-Norge HF
Sykehusapoteket Nord HF
Sykehuset Asker og Bærum HF
Sykehuset Buskerud HF
Sykehuset i Vestfold HF
Sykehuset Innlandet HF
Sykehuset Telemark HF
Sykehuset Østfold HF
Sørlandet Sykehus HF
Ullevål universitetssykehus HF

	Universitetssykehuset Nord-Norge HF Økokrim
Andre sentrale enheter direkte underlagt dep.	Den norske stats husbank Forsvarets forskningsinstitutt Havforskningsinstituttet Nasjonalbibliotekaren Nasjonalt folkehelseinstitutt Norges byggforskningsinstitutt Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet Norsk pasientskadeerstatning Rikskonsertene Riksteatret Riksutstillingen SIFO - Statens institutt for forbruksforskning Statens arbeidsmiljøinstitutt Sysselmannen på Svalbard Universitetet for miljø- og biovitenskap Universitetet i Bergen Universitetet i Oslo Universitetet i Stavanger Universitetet i Tromsø Utlendingsnemnda Vox, nasjonalt senter for læring i arbeidslivet
Andre statlige instanser	Domstoladministrasjonen Forbrukerrapporten Meteorologisk institutt Norges Bank Norges forskningsråd Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning Norsk kulturråd Planteftorsk - Norsk institutt for planteforskning Samordna opptak Statens institutt for rusmiddelforskning
Eksterne lenker	Barnas og ungdommens innvandringsportal Enøk-sentrene i Norge forliksrådet.no Fritt sykehusvalg Kulturnett Matportalen.no Miljøstatus i Norge NSB Regelhjelp Skolenettet Spør OSS - Om å starte og drive bedrift ung.no Utdanning.no
Forvaltningsbedrifter sentralt	Statens kartverk Statens Pensjonskasse Statsbygg
Landsdekkende organisasjoner	Mellomkirkelig råd
Ombud utnevnt av regjeringen	Barneombudet Forbrukerombudet Likestillingsombudet
Private bedrifter	Teknologisk Institutt

Statlige råd og utvalg	Bioteknologinemnda
	Klagenemnda for offentlige anskaffelser
	Norsk språkråd
	Statens råd for funksjonshemmede
	Statens seniorråd
	Teknologirådet
Statsaksjeselskap	Arbeidsforskningsinstituttet AS
	Avinor
	Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
	Statskonsult AS
Statsforetak sentralt	Enova SF
	Statkraft SF
	Statnett SF
Stiftelser med statlig tilknytning	Kvinneuniversitetet
	Norsk Designråd
Stiftelser med statlig tilknytning sentralt	Fiskeriforskning - Norsk institutt for fiskeri- og havbruksf
	Fridtjof Nansens Institutt
	Jordforsk - Senter for jordfaglig miljøforskning
	Likesettingssenteret
	Lovdata
	Matforsk - Norsk institutt for næringsmiddelforskning
	NIBR - Norsk institutt for by- og regionforskning
	NIFU - Norsk institutt for studier av forskning og utdanning
	NILU - Norsk institutt for luftforskning
	NIVA - Norsk institutt for vannforskning
	Norsk Form
	NOVA - Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og
	NUPI - Norsk utenrikspolitisk institutt
	Senter for industriell forskning
	SUSS - Senteret for Ungdom, Samliv og Seksualitet
	VINN
Særlovselskaper sentralt	Innovasjon Norge

Vedlegg B: Spørjeguide

Innleiing

Vestlandsforsking gjennomfører ei undersøking omkring tilpassing til auka tilgjengelighet på offentlege nettstader. Undersøkinga er på oppdrag frå norge.no. I dette arbeidet ligg også at vi skal snakke med nokre ansvarlege for offentlege nettstader. Det er i dette høve vi no kontaktar deg. Målsetnaden med samtalet er å betre kunne kartlegge kva barrierar som ligg til grunn for å få auka tilgjengelighet på offentlege nettstader.

I 2004 kom det ut ein handlingsplan for universell utforming av viktige samfunnsområde. Bakgrunnen for handlingsplanen er St.meld. nr. 40 (2002-2003) "Nedbygging av funksjonshemmende barrierer -Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne". Planen sitt mål er at alle samfunnsborgarar skal ha same moglegheiter til personleg utvikling, deltakelse og livsutfoldelse. Planen omfattar mellom anna transport, bygg og uteområder, men også IKT.

I planen "[eNorge 2009](#)" , som ble lagt fram i juni 2005 står det:

"*I 2004 oppfylte 7 prosent av offentlige nettsteder Norge.no-kriteriene for tilgjengelighet.*" og: "*I løpet av 2007 skal 80 prosent av offentlige nettsteder oppfylle Norge.no's kvalitetskriterier for tilgjengelighet.*"

Spørsmål

Kva vil du seie er dykkar status på arbeidet med auka tilgjengelighet, og kva faktorar er medverkande til at dykk er der? (Storleiken på nettstaden, dugleik, fagleg nettverk etc)

Kjenner dykk statusen for tilghengelighet på nettsidene dykkar slik den kjem fram i kvalitetsvurderinga (av offentlege vevtenester) utført av norge.no?

Dersom positivt:

Har denne kvalitetsvurderinga spelt noko rolle for dykkar vektlegging av tilgjengelighet?

Har nettstaden dykkar ein plan for universell utforming i samsvar med den nemnde handlingsplanen?

Dersom plan:

Nyttar dykk WAI –standarden for utforming?

Ligg det føre noko målsetnad om tilgjengelighet, og kva er om så statusen for dette arbeidet?

Dersom ikkje plan:

Kva er årsaka til at det ikkje føreligg ein plan?

-Ikkje kjennskap til WIA-standarden

-Manglar vedtak i ledelse

- Prioritert ned
- Manglar hjelp/informasjon
- Andre grunnar (kva)

Er tilgjengelighet ein del av kravspesifikasjonen til nettsidene, og er dette diskutert med leverandøren?

Oppfattar de (meir) informasjon om WAI/Universell utforming/tilgjengelighet som lett å finne?

Kva vil de seie er den største barrieren for å auke tilgjengligheten på offentlege nettstader (både for dykkar nettstad og generelt)?